

Ekspertgruppen for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging

Uttalelse - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Status Innsendt til
Utdanningsdirektoratet
Innsendt og bekreftet av
instansen via:
frode.kristian.grottebo@sfj.no

Innsendt av Frode Grøttebø

Innsende rs e-post: frode.kristian.grottebo@sfj.no

Innsendt dato 14.08.2018

Hvilken fylkesko mmunne? Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeskommune (Offentlig)
:

Stilling Teamleiar team for opplæring i skule

✓ Jeg bekrefter at jeg uttaler meg på vegne av hele fylkeskommunen.

Inkluderende fellesskap for barn og unge

Avsender: Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet

1. INNLEDNING

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet ønsker innspill på om ekspertgruppens kunnskapsgrunnlag og analyse oppleves dekkende for både barnehage, grunnskole, videregående opplæring, statlig og lokalt støttesystem. Videre ønsker vi en tilbakemelding og vurdering av ekspertgruppens forslag til et helhetlig system for en inkluderende og tilpasset pedagogisk praksis i barnehage og skole. Det vil også være mulig å foreslå alternative forslag til tiltak, som kan bidra til et bedre tilrettelagt og inkluderende tilbud. Som vedlegg følger oversikt over spørsmålene i den digitale høringen.

Du/dere kan mellomlagre svaret på høringsuttalelsen, og du/dere kan også hoppe over spørsmål underveis.

Du finner Kunnskapsdepartementets høringsbrev nederst på siden.

[Lenke til rapporten](#)

[Lenke til informasjon om høringskonferansene](#)

Takk for at du/dere tar dere tid til å delta i høringsrunden.

2. KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Vi ønsker din/deres vurdering av om ekspertgruppens kunnskapsgrunnlag som beskrives i rapportens Del 1, er dekkende.

? **Hvis du/dere har innspill til ekspertgruppens forståelse av INKLUDERINGSBEGREPET, kan du/dere utdype dette her:**

Jfr. innledningen punkt 1.7.1 i rapporten.

Ekspertgruppa si forståing av inkludering er presis og dekkande. Utvalet dokumenterer godt kva som ligg i omgrepet inkludering, og at dette kviler på eit etisk grunnsyn. Det er ikkje skulen som vel elevane, men elevane som vel skule. Det bør vere alle skuler sitt inkluderingsmandat: Elevar som har valgt oss skal føle seg ivaretatt og vere velkomne til vår skule.

? **Hvis du/dere har innspill til ekspertgruppens kunnskapsgrunnlag for BARNEHAGE, kan du/dere utdype dette her:**

Jfr. Del 1 kapittel 2 i rapporten

Ingen kommentar fra instansen

?

Hvis du/dere har innspill til ekspertgruppens kunnskapsgrunnlag for GRUNNSKOLE, kan du/dere utdype dette her:

Jfr. Del 1 kapittel 3 i rapporten

Ingen kommentar fra instansen

?

Hvis du/dere har innspill til ekspertgruppens kunnskapsgrunnlag for VIDEREGÅENDE OPPLÆRING, kan du/dere utdype dette her:

Jfr. Del 1 kapittel 4 i rapporten

Fylkesdirektøren stiller seg bak beskrivelsane i kunnskapsgrunnlaget og vil løfte fram uttalen frå koordinator ved Thor Heyerdahl vidaregåande skule om korleis god bruk av elevassistentar kan skape inkludering og redusere omfanget av spesialundervisning.

Fylkesdirektøren for opplæring meiner rapporten i for lita grad har vurdert opplæring i bedrift og det fireårige opplæringsløpet. Viser her mellom anna til rapporten «Jeg vet ikke hva alternativet skulle vært» : Evaluering av lærekandidatordningen og av ordningen med tilskudd til opplæring av lærlinger, praksisbrevkandidater og lærekandidater med særskilte behov.

?

Hvis du/dere har innspill til ekspertgruppens kunnskapsgrunnlag for STATLIG OG LOKALT STØTTESYSTEM, kan du/dere utdype dette her:

Jfr. Del 1 kapittel 5 i rapporten

Ingen kommentar fra instansen

?

Hvis du/dere har innspill til ekspertgruppens kunnskapsgrunnlag for REGELVERKET, kan du/dere utdype dette her:

Jfr. Del 1 kapittel 6 i rapporten

Ingen kommentar fra instansen

3. ANALYSE

Vi ønsker din/deres vurdering av om ekspertgruppens analyse av dagens situasjon er dekkende, jfr. kapittel 7 i rapporten.

② **Hvis du/dere har innspill til ekspertgruppens analyse av dagens situasjon, kan du/dere utdype dette her:**

1: Ekskluderende system: Sogn og Fjordane fylkeskommune har over tid jobba med å styrke den tilpassa opplæringa og har mellom anna ikkje eigne søkbare tilbod for elevar med sterkt nedsettfunksjonsevne. Fylkeskommunen har heller ikkje eigne spesialskular.

2: Manglende kompetanse: Fylkesdirektøren er einig dersom premissen er at assistentane driv spesialundervisning som einetimar eller gruppemar. Dersom spesialundervisninga blir gjennomført i tett samarbeid med lærar er assistenten sin kompetanse viktig, og ofte god.

3: Det ventes for lenge: Rapporten sin bruk av omgrepet tidleg innsats gjev ikkje fylkesdirektøren grunnlag til å vurdere påstanden. I gjennomføringsperspektivet ser fylkesdirektøren at kartlegging og tidleg innsats er svært sentralt. Fylkesdirektøren vil løfte inn perspektivet om tidleg innsats som tiltak sett i verk raskt etter at behovet oppstår, uavhengig av kvar eleven er i opplæringsløpet. Dette perspektivet gjer tidleg innsats til eit omgrep som er sentralt gjennom heile opplæringsløpet.

4: Lave forventninger og lite tilfredsstillande læring og utvikling: Fylkesdirektøren ser at spesialundervisning slik den i nokre høve er innretta gjev låge forventningar og lite tilfredsstillande læring og utvikling. Forsking støtter også dette synet.

5: Det brukes mye tid på sakkunnighetsarbeid: Ja, og dei sakkunnige vurderingane er i for lita grad styrande for det opplæringstilbodet eleven mottek. Å legge så store ressursar ned i eit arbeid som ikkje har større innverknad på praksisen i klasserommet er lite formålsteneleg. Dei sakkunnige vurderingane er av svært varierande kvalitet og nokre vurderer i for lita grad tiltak i det ordinære opplæringstilbodet. Dei sakkunnige vurderingane har ofte gode beskrivelsar av eleven, men vurderer i for liten grad tilfredsstillande læringsutbytte og systemet rundt eleven. Mange sakkunnige vurderingar er av fagleg svært god kvalitet.

6: Kun 4 av 10 barn og unge med behov for særskilttilrettelagt hjelp får hjelp:

Fylkesdirektøren meiner det manglar grunngjeving for påstanden og at tala er usikre.

8: PP-tenesta og statped har for stor avstand til dendaglige praksis i barnehage og skule: Fylkesdirektøren er samd i påstanden om at avstanden til den daglege praksisen er for stor. Dette kjem til syne i at PP-tenesta og statped vurderer tiltak i systemet rundt eleven i for lita grad.

4. TILTAK OM ET HELHETLIG SYSTEM

Vi ønsker din/deres vurdering av ekspertgruppens forslag til et helhetlig system, jfr. Del 2 kapittel 8 i rapporten

- ?
- Har du/dere synspunkter på ekspertgruppens forslag til et helhetlig system for en inkluderende og tilpasset pedagogisk praksis i barnehage og skole, kan du/dere utdype dette her:**

Vi er her opptatt av hvordan du/dere vurderer helheten av tiltak. Nedenfor vil du/dere få anledning til å kommentere enkeltområder og tiltak.

Fylkesdirektøren er samd i hovudprinsippa for eit nytt heilhetleg system.

5. OMRÅDER FOR TILTAK

I rapporten beskriver ekspertgruppen flere områder med tilhørende tiltak i del 2, kapittel 8. Er det enkelte områder for tiltak i det helhetlige systemet du/dere har synspunkter på så kan dette utdypes nedenfor.

- ?
- Synspunkter på Inkluderende og tilpasset praksis i barnehage og skole. Utdyp her:**

Jfr. punkt 8.2.1 i rapporten

Fylkesdirektøren støttar ekspertgruppa sine synspunkt på inkluderande og tilpassa praksis.

- ?
- Synspunkter på Pedagogisk støttesystem i barnehager og skoler. Utdyp her:**

Jfr. punkt 8.2.2 i rapporten

Fylkesdirektøren er samd i forslaga om eit pedagogisk støttesystem i alle barnehagar og skular.

Det er variasjon i organiseringa av støttesistema skulane har i dag. Årsakene til denne variasjonen kan vere til dømes skulestorleik, kompetanse, kultur og økonomi. Dei pedagogiske prinsippa som er lista opp i 8.2.2 er nyttige for å avklare roller og oppgåver dette støttesystemet skal ha.

- ?
- Synspunkter på Varige og omfattende individuelle tiltak. Utdyp her:**

Jfr. punkt 8.2.3 i rapporten

Viser til kommentar om nødvendige regelverksendringar.

- ?
- Synspunkter på Samarbeid og kompetanseheving i barnehager og skoler. Utdyp her:**

Jfr. punkt 8.3.1 i rapporten

Ingen kommentar fra instansen

? **Synspunkter på En lokal pedagogisk veiledningstjeneste. Utdyp her:**

Jfr. punkt 8.3.2 i rapporten

Fylkesdirektøren støttar prinsippet om at veiledningstenesta skal ligge nærmest mogleg eleven og dei tilsette i skulen. Ei slik organisering vil kunne bidra til å redusere individ og vanskeperspektivet og styrke systemperspektivet i organisasjonen.

? **Synspunkter på Statlig/fylkeskommunalt tjenester. Utdyp her:**

Jfr. punkt 8.3.3 i rapporten

Fylkesdirektøren støttar ekspertutvalet om regionreformen sitt forslag om å overføre Statped sine oppgåver til Utdanningsdirektoratet og nye fylkeskommunar.

Fylkesdirektøren ser utfordringa med å ivareta tenester for marginale grupper av barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging, men meinar ei ny organisering på fylkeskommunalt nivå vil vere betre rusta til denne oppgåva enn i dag. Ekspertgruppa bør vere merksam på betydninga slike fagmiljø har for enkeltmennesker.

? **Synspunkter på Samiske spesialpedagogiske tjenester. Utdyp her:**

Jfr. punkt 8.3.4 i rapporten

Ingen kommentar fra instansen

? **Synspunkter på Nødvendige regelverksendringer. Utdyp her:**

Jfr. punkt 8.4 i rapporten

Fylkesdirektøren ser både fordelar og ulemper med retten til spesialundervisning.

- Retten til spesialundervisning kan skape eit stor skille mellom spesialpedagogikk og almennpedagogikk. Eit slikt skille kan gje individ og vanskeperspektivet stor merksemd og i for litra grad fokusere på almennpedagogiske prinsipp og miljøet der eleven får opplæringa.
- Fylkessdirektøren støttar påstanden om at det er ei fare for at systema kan oppretthalde seg sjølv.

- Fylkesdirektøren meiner det bør vurderast om opplæringslova § 1-1 og 1-3, samt eventuelle tilstøtande regelverk er tilstrekkeleg for å gje elevane ei opplæring som er tilpassa deira føresetnadjar. Særleg må dette vurderast for elevar med sterkt nedsett funksjonsevne og store hjelpebehov, der retten har vore ei trygging for elev og føresatte om at eleven får eit godt opplæringstilbod.

Om retten til spesialundervisning blir fjerna vil det kreve revisjon av andre delar av opplæringslova. Til dømes inntak til vidaregåande opplæring, lærekandidatordninga og fritak frå vurdering med karakter.

?

Synspunkter på Andre nødvendige tiltak. Utdyp her:

Jfr. punkt 8.5 i rapporten

Ressursfordeling. Insentivet for å auke inkludering og betre den tilpassa opplæringa må være økonomi. Økonomitildelingar fungerer i dag som ein drivar for spesialundervisning. Skulane må sikrast like gode økonomiske rammer om dei reduserer bruken av spesialundervisning og aukar kvaliteten på den tilpassa opplæringa. Berre slik kan fleire elevar inkluderast i fellesskapet. På dette punktet saknar fylkesdirektøren tydelege tilrådingar i rapporten. Viser til tildelingsmodell for ressursar til tilpassa opplæring og spesialundervisning i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane, der sakkunnige vurderingar i mindre grad er styrande for ressursfordeling.

Ressursfordeling blir i størst mogleg grad gjort etter karakterpoeng frå grunnskulen, som er ein god indikator på behov for tilrettelegging og sansyn for fullføring av vidaregåande opplæring. Forståelsen for allokering av ressurser er ikkje god nok.

6. IMPLEMENTERING

?

Er det noen av områdene for tiltak eller enkeltiltak (fra spørsmålet over), som dere mener bør prioriteres?

Jfr. rapportens kapittel 8

Ingen kommentar fra instansen

?

Er det enkelte av ekspertgruppens forslag som ikke bør gjennomføres? Evt. hvorfor ikke?

Jfr. rapportens kapittel 8

Ingen kommentar fra instansen

? **Hva er forutsetningene for en vellykket implementering av det nye helhetlige systemet i barnehager og skoler?**

Ingen kommentar fra instansen

? **Har du/dere forslag til alternative tiltak og systemendringer, som kan bidra til et bedre tilrettelagt og inkluderende tilbud enn i dag?**

Dersom du/dere har forslag til andre alternative tiltak vil vi gjerne få høre om det.

Ingen kommentar fra instansen

? **Har du/dere forslag til digitaliseringstiltak som kan støtte opp under god inkludering, utvikling og læring?**

Ingen kommentar fra instansen

7. AVSLUTTENDE SPØRSMÅL OG KOMMENTARER

? **I hvilken grad er du/dere enige i ekspertgruppens forslag til et nytt helhetlig system?**

Med de forutsetninger gruppen legger til grunn i rapporten vil vi gjerne vite i hvilken grad du/dere støtter ekspertgruppens forslag.

Helt enig

Ingen kommentar fra instansen

? **Har du/dere andre kommentarer, kan disse gis her:**

Ingen kommentar fra instansen